



## SØKNAD

### OM KOMMUNALT BYGGETILSKOT TIL PRIVATE KULTURANLEGG

---

\_\_\_\_\_

Søkjar

\_\_\_\_\_

Namn på anlegget

\_\_\_\_\_

Postadresse

\_\_\_\_\_

Bankkontonummer

Søknadssum :

Søknaden gjeld:

Nybygg :

Byggekostnad :

Ombygging:

Byggearbeidet tek til \_\_\_\_\_ og vil venteleg vera fullført \_\_\_\_\_

#### Finansieringsplan:

Eigenkapital

.....

kr

\_\_\_\_\_

Private tilskot, gåver

.....

kr

\_\_\_\_\_

Dugnad

.....

kr

\_\_\_\_\_

Lån

.....

kr

\_\_\_\_\_

Kommunalt tilskot

.....

kr

\_\_\_\_\_

Evt. spelemiddeltilskot

.....

kr

\_\_\_\_\_

Evt. andre offentlege tilskot

.....

kr

\_\_\_\_\_

Samla finansiering

.....

kr

\_\_\_\_\_

Stad

\_\_\_\_\_

Dato

\_\_\_\_\_

Underskrift

Det er eit vilkår for å få kommunale tilskot at Følgjekort (gratis tilgjenge for naudsynt følgjeperson for funksjonshemma) vert akseptert ved kulturarrangement.



# VEDLEGG SOM MÅ FØLGJE SØKNADEN

## 1. Teikningar

Teikningar skal visa korleis anlegget er tenkt utført. Alle mål må vera påførte. Situasjonsplanen skal utførast i målestokk 1:1000 eller 1:2000. Det arealet som står til disposisjon må gå fram av teikningane. Andre teikningar må utførast i målestokk 1:500 for idrettsplassar/løkker m.m. og 1:100 for bygg. For dei anlegga det søkjast statlege eller fylkeskommunale tilskot til, gjeld vedkommande ordning sine normer.

## 2. Utgreiing om finansieringsplanen

Eigenkapital:	Utskrift av lagsprotokoll, kontoutskrift frå bank e.l.
Private tilskot/gåver:	Skriv frå gjevar e.l.
Dugnad:	Utgreiing om dugnadsarbeidet, evt. dugnadslister.
Lån:	Lånetilsegn
Anna offentleg støtte:	Tilsegnsbrev, vedtak om løyving.

## 3. Stadfesting

Eg .....stadfestar at:

- A. Laget har tinglyst skøyte/leigekontrakt for 20 eller 40 år (avheng av type anlegg) på den grunnen anlegget skal byggjast. (Det kan bli gitt dispensasjon).
- B. At planane for anlegget er godkjende i alle relevante offentlege instansar.
- C. At det vert ført separat byggjerekneskap som vert å senda kommunen innan eitt år etter at byggjearbeidet er avslutta.

## 4. Kostnadsoverslag/ tilbodsokument

Kontraktsum/tilbodsokument for heile prosjektet bør leggjast ved. Ved større/kostnads-krevjande anlegg er dette eit absolutt krav.

## 5. Driftsbudsjett

For større anlegg, må driftsbudsjett for dei **første tre åra** leggjast ved. I alle høve må det leggjast ved ei kort utgreiing om korleis anlegget er tenkt drive og korleis dette skal finansierast.

*PS! Søkjarar som sender søknad om spelemidlar eller søknad om statsmidlar til lokale kulturhus treng ikkje sende med vedlegg.*

## Utdrag frå «Tilskot til allment kulturarbeid i Kvinnherad kommune».

### 5. Byggetilskot

Til vøling av nybygg av private kulturanlegg kan kommunen gi eit tilskot på **inntil 1/3** av godkjent byggekostnad. Dersom byggekostnadene vert lågare enn venta, skal tilskotet reduserast tilsvarande. Offentlege tilskot utanom kommunen skal gå til frådrag i kostsummen før fordeling mellom eigenkapital, lånekapital og kommunalt tilskot. Ved søknader som får delfinansiering via spelemidlar til nærmiljøanlegg skal berre 2/3 av tilskotet gå til fråtrekk før fordeling.

Det er ein føresetnad at laget/organisasjonen syter for ein eigendel på 1/3 av kostnaden, etter at offentlege tilskot utanom kommunen er trekte frå.

Ved større nybygg/ombyggingar skal planane vera godkjende av kommunen. Byggeplanar kan sendast inn for godkjenning heile året. Godkjende planar medfører ikkje automatisk rett til tilskot.

Miljø- og kulturutvalet fordeler byggjetilskot ein gong for året - innafor vedteke budsjett. Det må søkjast på fastsett skjema og søknadsfrist blir kunngjort i lokalavisene. Søknader som ikkje er imøtekomne eit år, eller som berre har fått løyvd del av fullt tilskot, må fornyast kvart år.